

Prosedyre - for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG)

1. Formål

- 1.1 Leiinga sin gjennomgang skal sikre at kvaliteten ved dei ulike utdanninga svarar til dei forventninga leiinga har til kvalitetsutvikling og kvalitetssikring. Produktet av Leiinga si gjennomgang skal leverast til Fagskulestyret i form av ein kvalitetsmelding. Resultatet frå leiinga sin gjennomgang skal omfatte vedtak og tiltak om systemforbetring, forbetring av opplæringa og ressursar som er nødvendige for å setje i verk tiltaka. Prosedyren er eit hjelpemiddel for skulen si leiing til å gjennomføre LG på ein strukturert måte. Kvar einskild utdanning/avdeling skal kvert år gjennomføre utdanninga/avdelinga si lokale LG, omtala som AG- Avdelinga si gjennomgang. Det skal vektleggast og gjennomføra risikovurdering knytt til punkta under.

2. Ansvar og myndighet

- 2.1 Rektor/Prorektor har ansvar for gjennomføring av LG etter eit på forhand avtalt program, og at dei nødvendige presentasjonar og dokumenter til LG er klargjort på førehand. Lage plan for leiinga sin gjennomgang og kalle inn dei som skal delta i LG. KS-leiar skal sørge for at grunnlagsdokumentasjonen som skal ligge til grunn for leiinga sin gjennomgang er tilgjengeleg.

3. Tid for gjennomgang

- 3.1 LG skal gjennomførast i november kvart år. Avdelinga si gjennomgang skal gjerast i forkant av LG.

4. Deltaking under LG

- 4.1
- Fagskulestyret
 - Rektor/prorektor
 - Utdanningsleier
 - KS-ansvarleg
 - Representant for studentrådet

5. Førebuing leiinga sin gjennomgang

- 5.1 Utdanninga/avdelinga skal gjennomføre ei eiga lokal LG (omtala som AG) i forkant av LG. Denne gjennomgangen skal være gjort tilgjengeleg for leiinga av Utdanningsleiar. Avdelingane skal gjennomføra risikovurdering knytt til punkta (6.1-6.5) som følger under.



--	--

6. Plan for leiinga sin gjennomgang

6.1	Styringskvalitet <ul style="list-style-type: none">- Tiltaksplan for inneverande år. Status.- Avvikshandtering. Status- Samarbeid med arbeidslivet- tal møter i Fagråd- Samarbeid med studentane- tal møter med lokalt studentråd- Tal møter med avdelinga- forankring, prosess og styrking av profesjonsfelleskapet.
6.2	Relevanskvalitet <ul style="list-style-type: none">- Arbeidslivet si vurdering av yrkesrelevans (Nye utdanningar, samarbeidsavtalar og gjennomgang i fagråd. Kan også supplerast med egne undersøkingar.- Studentane si vurdering av yrkesrelevans (studentbarometeret og ev andre undersøkingar).- Undervisningspersonalet si vurdering av yrkesrelevans- Sensorar si vurdering av utdanninga si yrkesrelevans- Utdanningsleiar si totale vurdering av studia si yrkesrelevans (kompetansekartlegging, utviklingsamtaler og andre kjelder)
6.3	Undervisningskvalitet <ul style="list-style-type: none">- Studentane sin vurdering av undervisning og rettleiing (studiebarometer og andre undersøkingar ev avvik).- Studentmedverknad. Korleis involverer utdanninga studentane i studieplansrevisjonar, utvikling av nye utdanningar og lokale studentråd.- Lærarane sin vurdering av undervisninga og rettleiinga- utdanningsleiar si vurdering av studentmedverknad
6.4	Resultatkvalitet <ul style="list-style-type: none">- Studentane sine karakterresultat inkl utsett eksamen- Gjennomføringsgrad ved utdanningane- Studiepoengs produksjon- Fråfall. Kor mange har slutta i løpet av studieåret
6.5	Rammekvalitet <ul style="list-style-type: none">- Utdanninga si tilgang på kvalifisert undervisningspersonell- Rekruttering

	<ul style="list-style-type: none"> - Trong for ny kompetanse - Trong for investering i nye lab og simulatorutstyr - System vurdering (VIS, Itsl, Teams, EK WEB, Visma Enterprise, Wiseflow med meri) - Bygg og anna infrastruktur (Avvik og anna) - Studentar og tilsette si opplevelse av lærings og arbeidsmiljø (Studentbarometeret, MU, utviklingsamtalar, avvik og anna) 																
6.6	<p>Internkontroll</p> <p>Alle utdanningar skal gjennomføre ei internkontroll som kan bidra til arbeid med risikovurdering knytt til punkta over (6.1 - 6.5). Utdanningsleiar er ansvarleg for internkontrollen. Skal gjennomførast samtidig med avdelinga si gjennomgang, og skal nytte skjema under.</p> <p>Styret skal jf. § 9 f i fagskulelova sørge for at fagskulen er drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørge for at det blir gjennomført systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette</p>																
6.6.1	<p>Krav til utdanningas innhald og utforming:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Krav</th> <th>Ok / Ikkje ok</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fagskulen har sikra gjennom samarbeid med aktørar i arbeidslivet at læringsutbytte i utdanninga er relevant for yrkesfeltet.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Læringsutbyttet er utforma i tråd med NKR og er tilstrekkeleg for yrkesutøving.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Namnet på utdanninga er dekkande for læringsutbyttet.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Innhald og oppbygging av utdanninga er tilpassa læringsutbyttet.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Utdanningar med praksis har skriftlege avtalar med praksisstader som regulerer tilhøve som er vesentlege for gjennomføring av praksis og studenten sitt læringsutbytte.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Utdanninga har eit omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng og eit samla arbeidsomfang på 1500-1800 timer per år for heiltidsstudium. Eventuelt omfang på 150 eller 180 studiepoeng dersom departementet har gitt slik løyve.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Studieplanen gir tydeleg informasjon om opptakskrav, innhald, oppbygging og progresjon, og om undervisnings-, lærings- og vurderingsformer.</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Krav	Ok / Ikkje ok	Fagskulen har sikra gjennom samarbeid med aktørar i arbeidslivet at læringsutbytte i utdanninga er relevant for yrkesfeltet.		Læringsutbyttet er utforma i tråd med NKR og er tilstrekkeleg for yrkesutøving.		Namnet på utdanninga er dekkande for læringsutbyttet.		Innhald og oppbygging av utdanninga er tilpassa læringsutbyttet.		Utdanningar med praksis har skriftlege avtalar med praksisstader som regulerer tilhøve som er vesentlege for gjennomføring av praksis og studenten sitt læringsutbytte.		Utdanninga har eit omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng og eit samla arbeidsomfang på 1500-1800 timer per år for heiltidsstudium. Eventuelt omfang på 150 eller 180 studiepoeng dersom departementet har gitt slik løyve.		Studieplanen gir tydeleg informasjon om opptakskrav, innhald, oppbygging og progresjon, og om undervisnings-, lærings- og vurderingsformer.	
Krav	Ok / Ikkje ok																
Fagskulen har sikra gjennom samarbeid med aktørar i arbeidslivet at læringsutbytte i utdanninga er relevant for yrkesfeltet.																	
Læringsutbyttet er utforma i tråd med NKR og er tilstrekkeleg for yrkesutøving.																	
Namnet på utdanninga er dekkande for læringsutbyttet.																	
Innhald og oppbygging av utdanninga er tilpassa læringsutbyttet.																	
Utdanningar med praksis har skriftlege avtalar med praksisstader som regulerer tilhøve som er vesentlege for gjennomføring av praksis og studenten sitt læringsutbytte.																	
Utdanninga har eit omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng og eit samla arbeidsomfang på 1500-1800 timer per år for heiltidsstudium. Eventuelt omfang på 150 eller 180 studiepoeng dersom departementet har gitt slik løyve.																	
Studieplanen gir tydeleg informasjon om opptakskrav, innhald, oppbygging og progresjon, og om undervisnings-, lærings- og vurderingsformer.																	
6.6.2	<p>Krav til praksisretteleiarar og sensorar</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Krav</th> <th>Ok / Ikkje ok</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Utdanningar med praksis har eksterne praksisretteleiarar med kompetanse til å rettleie og vurdere studentane i praksis.</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sensorane har kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet for emnet eller utdanninga er oppnådd.</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Krav	Ok / Ikkje ok	Utdanningar med praksis har eksterne praksisretteleiarar med kompetanse til å rettleie og vurdere studentane i praksis.		Sensorane har kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet for emnet eller utdanninga er oppnådd.											
Krav	Ok / Ikkje ok																
Utdanningar med praksis har eksterne praksisretteleiarar med kompetanse til å rettleie og vurdere studentane i praksis.																	
Sensorane har kompetanse til å vurdere om læringsutbyttet for emnet eller utdanninga er oppnådd.																	
6.6.3	<p>Krav til organisering og infrastruktur</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Krav</th> <th>Ok / Ikkje ok</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Fagskulen har administrative ressursar som er tilpassa utdanninga.</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Krav	Ok / Ikkje ok	Fagskulen har administrative ressursar som er tilpassa utdanninga.													
Krav	Ok / Ikkje ok																
Fagskulen har administrative ressursar som er tilpassa utdanninga.																	



	Fagskulen har lokale, utstyr, tilgang til informasjons- og bibliotektenester og anna infrastruktur som er tilpassa utdanninga.	
	Studentvelferda ved fagskulen er tilpassa studentane og utdanningsverksemda.	
6.6.4	Krav til Vitnemål	
	Krav	Ok / Ikkje ok
	Vitnemålet syner: <ul style="list-style-type: none">a. Namn på fagskulen, utdanninga og kandidatenb. Omtale av karaktersystem som vert brukt ved fagskulenc. Karakterane kandidaten har oppnåddd. Det overordna læringsutbyttet for utdanningae. Emna i utdanninga og eventuell praksisf. Om reglar for skikkavurdering gjeld for utdanninga eller ikkjeg. Nivå i NKRh. Talet på studiepoeng og eventuell grad	

7. Kryssreferanser

8. Eksterne referanser